

Uttale til utlagt økonomiplan / opparbeiding av uteområde ved Lærdalsøyri skule - gjennomføring

Foreldrearbeidsutvalet Lærdalsøyri skule <faulaerdal@gmail.com>

1. desember 2010 20:16

Til: Post Lærdal kommune <post@laerdal.kommune.no>, "Lærdal kommune (post)" <Post.Lerdal@laerdal.kommune.no>

Kopi: Alf Magne Hjellum <alf-hj@online.no>, Alf Magne Hjellum <Alf.Magne.Hjellum@laerdal.kommune.no>, Anne Marie Mo <anne.marie.mo@laerdal.kommune.no>, Dagrun Valaker <dagrun.valaker@hotmail.com>, FAU konto <faulaerdal@gmail.com>, Gunn Kirsti Offerdal <kir-offe@online.no>, Hadle Blikra <hadle.blikra@ardal.kommune.no>, Hadle Blikra <hadle.blikra@gmail.com>, Hanne Ødegård <hanne.odegard@helse-forde.no>, Harald Stadheim <hst@ardal.kommune.no>, Henri Henell <henrihenell@hotmail.com>, Inger Gjerde <gjerde.inger@gmail.com>, Laila Tveit <latveit@gmail.com>, Lisa Lagmannsås <lisa.lagmannsas@lardalsnett.no>, Magne Eri <magn-e2@online.no>, Marius Musat <mmusat@frisurf.no>, Oddny Kristin Stølsvik <oksmk@hotmail.com>, Per Thomas Hunderi <m-hunderi@hotmail.com>, Robert Einemo <robert@eps.no>, Silje Mo <silje_mo@hotmail.com>, Sissel Klunderud <sissel.merete.klunderud@laerdal.kommune.no>, Sissel Klunderud <s-klunde@online.no>, Terje Bolstad <te-bol@online.no>, Tone Eriksen <eriksontone@hotmail.com>, Wenche Voll <wenche.voll@laerdal.kommune.no>, Wenche Voll <wenchevoll@yahoo.no>, Øyvind Hamre <oyvind.hamre@lardalsnett.no>, Anita Karlsen Bentås <anita.karlsen.bentas@laerdal.kommune.no>, Camilla Grøtnebø <leksi25@hotmail.com>, Eva Hage Solstad <eva.hage.solstad@laerdal.kommune.no>, Gunn Beate Sjøthun <gunn_beates@hotmail.com>, Inger Kari Selås <inka.selaas@gmail.com>, Johan Nes <johan.nes@lardalsnett.no>, Johan Nes <johan.nes@hydro.com>, Liv Einemo Tønjum <liveineemo@hotmail.com>, Roy Arve Nundal <royski_10@hotmail.com>, Stian Offerdal Vattestad <stianov@hotmail.com>, tsaeter@online.no, Arne Sanden <arne.sanden@laerdal.kommune.no>, Bente Øyen Hauge <bente.oien.hauge@online.no>, Edel Ørbeck Mo <Edel.Orbeck.Mo@laerdal.kommune.no>, Edel Ørbeck Mo <ed-oermo@online.no>, Eirik Haugen Sognnes <aiax89@hotmail.com>, Geir Solheim <geir.solheim@sogn.no>, Geir Solheim <jan.g@privat.alb.no>, Geir Øverland <geir.overland@einemo.no>, Guro Eri <guro.eri@gmail.com>, Hallvard Trohaug <hallvardtrohaug@hotmail.com>, Jan Olav Fretland <jan.fretland@hisf.no>, Jarle Vindedal <jarle.vindedal@privat.alb.no>, Kari Blåflat <karib@privat.alb.no>, Kjell Olav Cock <kjell.olav@sogn.no>, Lars Petter Nesse <lars-petter@alb.no>, Lars Petter Nesse <Lars.Petter.Nesse@laerdal.kommune.no>, Marianne Øren <m.oren@lardalsnett.no>, Marianne Øren <marianne.oren@laerdal.kommune.no>, Mona Grøtnebø <mona.grottebo@lardalsnett.no>, Olaug Skjerdal <olaug.skjerdal@online.no>, Siv Rysjedal <siv.rysjedal@lardalsnett.no>, Stein Vidar Nemeth <stein.nemeth@alb.no>, Trond Einemo <trond@einemo.no>, Trond Einemo <trond@eps.no>, Synnøve Askeland <synnove.askeland@hotmail.no>

FAU ved Lærdalsøyri skule
(epost faulaerdal@gmail.com)

Heimeside: <http://www.faulaerdal.wordpress.com/>

Lærdal kommunestyre
post@laerdal.kommune.no (vert berre sendt som e-post)

Uttale til utlagt økonomiplan / opparbeiding av uteområde ved Lærdalsøyri skule - gjennomføring

FAU ved Lærdalsøyri skule syner til tidlegare oversendt vedtak i samband med uttale til utlagt budsjett for 2011. Ein syner her spesielt til nest siste avsnitt i vår uttale;

"FAU krev at uteområdet ved Lærdalsøyri skule vert realisert i tråd med gjeldande planar som ligg føre. Uteområdet er ein viktig del av skulen vår, og har no vore på dagsorden gjennom fleire år."

Formannskapet vedtok i møte den 17. mars 2009 oppstart av utarbeiding av illustrasjonsplan for uteområdet ved Lærdalsøyri skule. Det vart satt ned ei arbeidsgruppe som skulle ha ansvaret for å utarbeida illustrasjonsplanen. Dette i samarbeid med arkitekt. Gruppen har vore leia av ordførar Arne Sanden.

Kommunestyret gjorde i sitt budsjettvedtak av 15. april 2010 (sak 21/10) vedtak om bruk av 1 mill kroner inneværande år til arbeidet. I tillegg vart det satt av 0,5 mill kr i 2011 i økonomiplan 2010 - 2013, (sak 23/10 av 15. april 2010). Kommunestyret vedtok (i sak 44/10 av 24. juni 2010) gruppa sin framlagde illustrasjonsplan og vedtok samstundes at det skulle utarbeidast eit kostnadsoverslag før oppstart av arbeidet. Kostnadsoverslaget - utarbeida av samarbeidande arkitekt i juni 2010 - er rekna til 3,9 mill kr + mva.

I notat til formannskapet av 15. juli 2010 tilrådde arbeidsgruppa at arbeidet med uteområdet burde delast i 4 trinn, med oppstart av trinn 1 og 2 snarast mogleg. Mellom anna ville ein få betra trafikktryggleiken i området ved trinn 1, samt at ein kan få etablert ein del av leikeapparatet som er innkjøpt for fleire år sidan, i trinn 2. Pr i dag er ikkje noko arbeid starta opp.

FAU vil syna til følgjande vurdering gjengitt i saksutgreiinga til kommunestyret i sak 44/10 av 24. juni 2010;

"Uteområdet på skulen er i dag svært dårleg på delar av området. Det er lite moglegheit for aktivitet, utover ballspel."

Vidare står;

"Utarbeiding av illustrasjonsplanen har vore ein omfattande prosess, med medverknad frå alle som kan ha interesse for området. Planen er godt gjennomarbeida, og administrasjonen meiner planen legg eit godt grunnlag for at elevane får eit flott uteområde, med meir grøntareal, parkpreg, leikeapparat, areal for leik og opphaldsareal. Planen legg opp til mange moglegheit for aktivitetar i friminutt, og bruk på kveldstid. Samstundes har ein ikkje hindra moglegheita til å nytte delar av skulearealet til parkeringsareal ved større arrangement."

FAU ved Lærdalsøyri skule stiller seg undrande til at det kan synast som om realisering av etableringa av vedteken plan for uteområdet ved Lærdalsøyri skule ser ut til å ha stoppa heilt opp. Det har ikkje vore mogleg å få dokumentert at saka har vore drøfta / handsama vidare politisk i etterkant av utarbeida kostnadsoverslag og arbeidsgruppa sitt notat til formannskapet av 15. juli 2010.

FAU stiller seg såleis kritisk til at det ikkje ser ut til å vera politisk vilje til å starte opp arbeidet med nyleg vedteken plan for uteområdet ved Lærdalsøyri skule. Denne manglande politiske viljen er vidare tydeleggjort gjennom formannskapet sitt framlegg til økonomiplan for perioden 2011 - 2014, kor det i heile planperioden ikkje er avsett midler til å få realisert vedteken plan for uteområdet ved Lærdalsøyri skule.

FAU ved Lærdalsøyri skule kan ikkje akseptera denne manglande politiske viljen til å få realisert nyleg vedteken plan for uteområdet ved skulen vår. Me har såleis ei von om at kommunestyret - i samband med si handsaming av budsjett for 2011 og økonomiplan for perioden 2011 - 2014 - igjen vil setja uteområdet ved Lærdalsøyri skule på dagsorden og prioritere dei naudsynte økonomiske midler til realisering. Ei realisering som vil gjera eit elles flott skule- og oppvekstområde for barn og unge heilskapleg.

Lærdal, den 1. desember 2010

Med helsing

FAU ved Lærdalsøyri skule
v/Hadle Blikra, leiar

Kopi:

- FAU sine medlemmer
- SU / SMU
- Lærdal Arbeiderparti v/kommunestyremedlemmer
- Lærdal Senterparti v/kommunestyremedlemmer
- Lærdal Høyre v/kommunestyremedlemmer
- Lærdal Venstre v/kommunestyremedlem
- Lærdal SV v/kommunestyremedlemmer
- ungdomsrådet v/leiar Synnøve Askeland

Følg med på arbeidet til FAU på heimesida vår: www.faulaerdal.wordpress.com
